

MØTEREFERAT

Tema:	Kommunereformprosjekt Stranda og Sykkylven – Forhandlingar om intensjonsavtale
Dato/Stad	Stranda rådhus, 18. februar 2016 kl 12:30 til 16:00
Møteleiar:	Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd
Referent:	Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd
Oppmøte:	Jan Ove Tryggestad, Ordførar, Stranda kommune Arild Ringdal, Varaordførar, Stranda kommune Svein Erik Rimstad, Formannskapsmedlem, Stranda kommune Åse Elin Hole, Rådmann, Stranda kommune Petter Lyshol, Formannskapsmedlem, Sykkylven kommune Anne-Karin Watters , Formannskapsmedlem, Sykkylven kommune Odd Jostein Drotninghaug, Ordførar, Sykkylven kommune May-Helen Molvær Grimstad, Rådmann, Sykkylven kommune
Forfall	Frank Sve, Formannskapsmedlem, Stranda kommune
Observatør	Njell Hoftun, Kommunereformkontaktperson, Sykkylven kommune Kjartan Lied, Assisterande rådmann, Strand kommune
Vedlegg	

Møtereferatet har som hensikt å dokumentere omforeinte løysingar i forhandlingane, utan at formuleringane i teksten er endeleg. Referatet er eit innspel til skrivegruppa som skal utforme forlag til endeleg avtaletekst. Denne vil kome som vedlegg til seinare møtereferat.

- **Organisering av forhandlingane**

Deltakarane har valgt å organisere forhandlingane på fylgjande måte.

Forhandlingsutvala

Jan Ove Tryggestad, Ordførar, Stranda kommune
Frank Sve, Formannskapsmedlem, Stranda kommune
Arild Ringdal, Varaordførar, Stranda kommune
Svein Erik Rimstad, Formannskapsmedlem, Stranda kommune
Åse Elin Hole, Rådmann, Stranda kommune
Petter Lyshol, Formannskapsmedlem, Sykkylven kommune
Anne-Karin Watters , Formannskapsmedlem, Sykkylven kommune
Odd Jostein Drotninghaug, Ordførar, Sykkylven kommune
May-Helen Molvær Grimstad, Rådmann, Sykkylven kommune

Sykkylven har fått spørsmål om å ta med ein til i forhandlingsutvalet.

Forhandlingsleiar

Erlend Krumsvik, Rådgjevar, Sunnmøre Regionråd IKS

Skrivegruppe

Njell Hoftun, Kommunereformkontaktperson, Sykkylven kommune
Kjartan Lied, Assisterande rådmann, Strand kommune

- **Møteplan**

4. mars kl 08:30 til 12:30 – Sykkylven rådhus
11. mars kl 08:30 til 12:30 – Stranda rådhus
14. mars kl 08:30 til 12:30 – Sykkylven rådhus
17. mars kl 15:00 – Signeringsmøte Stranda rådhus

Bruk «MØT:» som del av overskrifta på innkallinga.

Sunnmøre Regionråd IKS sender ut innkalling til møta i Outlook.

- **Dagsorden**

Dagsorden er organisert etter «Open Space» tankegangen, der det som er viktig blir satt på dagsorden. Det som ikkje er med har ikkje blitt definert som relevant for intensjonsavtalen.

Kommunene orienterte om motivasjonen til å delta i forhandlingane.

- **Kommunenavn og kommunevåpen**

Omforeint løysing:

Arbeidstittel på kommunenavn: Stranda og Sykkylven kommune

- **Antal kommunestyrerepresentantar i nytt kommunestyre**

Omforeint løysing:

33 faste representantar.

Det skal også nyttast formannskapsmodell i den nye kommunen.

- **Servicetorg**

Omforeint løysing:

Det er eit ønske at begge rådhus i den gamle kommunestrukturen skal ha eit servicetorg der innbyggjarar og næringsliv kan henvende seg til.

Ved større geografisk avstand til spesialkompetanse er det viktig at servicetorga kan ta imot ein større grad av henvendingane til kommunen.

- **Plassering av politisk og administrativ toppleiiing**

Politisk og administrativ toppleiiing er definert som ordførar og politisk sekretariat, rådmann og økonomi og personaladminstrasjon.

Omforeint løysing:

Denne skal leggest til rådhuset i Sykkylven kommune.

- **Fordeling av kommunale arbeidsplassar**

Omforeint løysing:

Basistenestene, som t.d. barnehagar, skule og pleie- og omsorgsinstitusjonar skal ikkje restrukturast som ein del av arbeidet til fellesnemnda. Dei vedtak som kommunene alt har gjort på sturktuendringar skal gjennomførast som vedtatt av respektive kommunestyre.

Dei spesialiserte tenestene, slik som plan, NAV, barnevern, helse og omsorg, tekniske fagmiljø, skule og oppvekstkontor skal samordnast, og fordeling av desse kommunale arbeidsplassane skal etterstrebe like mange kommunale arbeidsplassar som kommunane har per i dag.

Vidare organisering av den kommunale organisasjonen ligg til Fellesnemnda.

- **Økonomi**
 - Lånegjeld
 - Økonomiplanar
 - Investeringsplanar

Omforeint løysing:

Prinsippet for økonomi er «All in».

Stranda har forpliktande plan som Robek-kommune fram til 2021. Dette er bindande for Stranda kommune. Sykkylven kommune har også ein forpliktande plan, og kommunene er truleg ute av Robek i løpet av 2017.

Det er ein ambisjon å legge til rette for heilskapleg planlegging på økonomiplan som tek hensyn til dei forpliktande planane til kommunene, og som jobbar fram mot ei felles kommune frå 2020. Alt frå hausten 2016 skal ein starte å tilnærme seg ein felles økonomiplanprosess med blikk for å bygge ei felles kommune.

Det er naturleg at dette er eit ansvar som ligg til fellesnemnda å koordinere.

- **VAR organisering**

Stranda og Sykkylven kommuner har heit ulike måtar å organisere VAR-området på, og det er eit ønske at fellesnemnda særleg vurderar om organiseringsmetoden til Sykkylven kommune skal vidareførast.

- **Infrastruktur (vei/kommunikasjon)**

Storfjordsambandet er ei felles satsing

- Tunell Hole – Engeset som knyt saman to kommunesentra står som ei felles satsing for den nye kommunen.
- Bru over Storfjorden

Det er eit ønske at den nye kommunen kan fokusere på følgande infrastrukturprosjekt.

Stranda

- Rassikring Eidsdal- Geiranger
- Opplendskedalen Strynefjellet
- Fylkesvei 60 Tryggestad – Grodås

Sykkylven

- Tunell Hole – Engeset (Gjennom fjellet)
- Gang og sykkelsti Aursneset - Fet

- **Digitalisering/IKT**

Begge kommuner har ulik organisering av IKT system, og nyttar ulike programvare til administrativ saksbehandling. Dette forvaltningsområdet vil kreve omfattande bruk av omstillingsmidlar til å harmonisere ein framtidig felles organisasjon.

Det vil stå sentralt for fellesnemnda å planlegge dette.

Det er ein klar ambisjon for den nye kommunen at nye digitale løysingar skal takast i bruk for ein meir positiv opplevelse av effektiv saksbehandling for innbyggjarar og næringsliv.

Dagsorden til neste møte:

- **Handtering av interkommunale samarbeid**
- **Etablering og samansetning av fellesnemnd**
- **Kommunevåpen**
- **Arbeidsgjevpolitik**

Møtet slutt 16:00